

# Tusenårsstaden Gulatinget



## Årsmelding 2017



# Årsmelding

Gulatinget er Sogn og Fjordane fylke, og Gulen kommune sin tusenårsstad. Tusenårsstaden Gulatinget - minneparken knytt til Gulatinget - vart opna i 2005 og har i 2017 vore ope for publikum i 11 år.

## Styring

Utviklingsarbeidet knytt til Gulatinget er eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gulen kommune. Arbeidet er organisert med ei styringsgruppe beståande av representantar frå politisk og administrativt hold i dei to organisasjonane. For 2017 har styringsgruppa bestått av:

- Hallvard Oppedal, Ordførar, Gulen - Leiar
- Karen Marie Hjelmeseter, Leiar Hovudutval for næring og kultur, Fylkestinget
- Ingebjørg Erikstad, Ass. Dir. Næring og kulturavdelinga, SFJ fylkeskommune
- Reidun Halland, Rådmann, Gulen
- Anne Hopland, Dagleg leiar for Tusenårsstaden Gulatinget (sekretær)

## Leiing

Utviklingsarbeidet knytt til Gulatinget vert leia av dagleg leiar Anne Hopland. Styringsgruppa har i 2017 hatt 1 ordinært styringsgruppemøte. I tillegg har det vore epostkorrespondanse og telefonisk oppfølging. Det er gjennom året halde månadlege oppfølgingsmøter mellom styringsgruppeleiar, dagleg leiar og rådmann i Gulen.

## Overordna rammeverktøy

Forvaltning og utvikling av Gulatinget er forankra i vedteken 10 årig samarbeidsavtale mellom SFJ fylkeskommune (FT-sak 57/15) og Gulen kommune (KS-sak 120/15), gjeldande frå 1. januar 2016. Det vart vidare i 2016 utvikla ny Strategiplan for Tusenårsstaden Gulatinget 2016-2020 (HUK 13/15). Strategiplanen ligg til grunn for arbeidet.

## Økonomi

Hovudprosjektet hadde i 2017 eit budsjett på kr 2 205 506,- fordelt som tilskot frå Fylkeskommunen kr. 1 084 000,- (70%) og Gulen kommune kr. 464 571,- (30%) og disponible fondsmidlar kr 656 935,-. Det vart i 2017 søkt om statleg medverknad til drift for 2018. Ein har ikkje oppnådd statleg medfinansiering til drift, men har blitt oppmoda av Kulturdepartementet om å søkje prosjektmidlar til delprosjekt og tiltak.

## Parkdrift

Det er sidan 2006 inngått avtale med Gulen kommune v/teknisk etat om skjøtsel av Tusenårsstaden Gulatinget sitt parkområde. Det er utvikla skjøtelsplan for området.

## Aktivitetar i 2017

Strategiplan for Tusenårsstaden Gulatinget 2016-2020 har 4 innsatsområder:

- Fagleg utvikling og kunnskapsproduksjon
- Formidling
- Verdiskaping og lokal næringsutvikling
- Nettverksarbeid

## Innleiing

2017 har vore eit svært spennande og aktivt år på Gulatinget, som kulminerte med at vi fekk koordinators- og vertskapsrolla for det første felles Fylkestinget mellom Sogn og Fjordane og Hordaland. Ei stor ære! Vi er stolte over at det felles tingsetet vart lagt til Gulatinget – staden der dei to fylka samla seg til regionalting gjennom 400 år.

Gledeleg er det og å oppleve engasjementet regionale tingstadane Frostatinget, Borgartinget. Samarbeidet i det nasjonale har i år resultert i ein fagkonferanse og semje vidare i eit meir formalisert nettverk. levert ei felles søknad inn mot Riksantikvaren program, og har ei rekkje fellestiltak planlagd. arbeidet er å bidra til auka kunnskap om dei lange linene i den norske demokrati, retts- og forsvarshistoria.



hå dei tre andre Eidsivatinget og tingstadnettverket om å samarbeide Nettverket har no sitt Verdskapings-Målet med

Etter eit travelt år med formidling, nettverksarbeid og mange store arrangement, var det og ei ære å få ønskje Riksantikvaren velkommen til fagseminar om «Forvaltning og formidling av freda kulturminner» 15. august, i samband med attreisinga av «Olavskrossen» som no er på plass i Eivindvik etter 5 år ved Stavanger Museum.

Elles gler vi oss over at interessa for Gulatinget er aukande blant besøkande frå innland og utland. Dette gjer at det er svært gledeleg at Fylkestinget på tampen av året fann rom for å starte prosessen med å få eit tenleg visningscenter på Tusenårsstaden Gulatinget!

Vi skal ikkje her gjere reie for alt som har skjedd i løpet av året, men har under sett opp ein oversikt over dei viktigaste aktivitetane i prosjektet, fordelt på tiltak innafor dei 4 innsatsområdene:

## A. Fagleg utvikling og kunnskapsproduksjon

*«Mål: Gulatinget og Gulatingslova sin plass i samfunnsutviklinga er kjend og etablert»*

Måla for innsatsområdet skal nåast gjennom samarbeid med relevante fagmiljø, initiering av forskingsarbeid og undersøkingar knytt til nye problemstillingar, arrangement av årlig fagseminar (Gulatingseminaret), deltaking i nasjonale og internasjonale fagnettverk og relevante faglege seminar og konferansar, utvikling av grunnlag for formidling, intern og ekstern kompetansebygging. Det skal etablerast ein referansegruppe av fagpersonar i eit Gulatingsråd, som kan ivareta den faglege integriteten til utviklingsarbeidet knytt til Gulatinget, rådgje styringsgruppa og dagleg leiar i utviklingsarbeidet og bidra til å initiere FOU- verksemd knytt til Gulatinget gjennom sine faginstusjonar og nettverk.

### Tiltak gjennomført i 2017:

**25. januar** Nominering av Gulatingslova til Norges Dokumentarv (UNESCO)

**15. januar** Tekstutvikling om Gulatinget til Destination Viking si heimeside

**11-12. januar** Foredrag v/Jørn

*«Lagtinga og lovbøkene frå av rettshistoriske kjelder, og organisering, lovtilfang – fråvikande rettspraksis mellomalderen?»*

Foto: Nasjonalt Tingnettverk



Øyrehagen Sunde:

*mellomalderen - kva har vi kva veit vi om samanfallande og mellom dei fire lagtinga i*

*konferanse, Sarpsborg*

**8. februar og 5 april** Digital formidling, møte med Den Kulturelle Skulesekken/ Høgskulen i Sogn og Fjordane.

**1. juni** Digitalisering av Rantzauboka («Gulatinglova i originalmanuskript») for første gang i historia! No kan handskriftet studerast utan å reise til København, og utan å ta ut eit følsamt manuskript. Neste prosjekt vert tilgjengeleggjering.

**15. august** Gulatingseminar «Forvaltning og formidling av freda kulturminner» (i samband med avduking av Olavskrossen)

**19. oktober** Deltaking Nasjonaljubileet 2030, Stiklestad (planleggingsmøte)

**9-11. november** Deltaking Frostatingseminaret

## Kompetanseheving

**6. januar** Kurs i Visma (intern)

**23. februar** Opplæring E-handel (intern) PLP-kurs intern (intern)

**9. april** Kurs Svar Ut (intern)

**27-28 september** Pakketeringskurs, FjordKysten (ekstern)

**8. november** Pakketering, FjordKysten, oppfølging (ekstern)

## B. Formidling

*«Mål: God og tydeleg informasjon på nett og ved attraksjonane gir målgruppene meir kunnskap om Gulatinget og om aktivitetar knytt til Gulatingslova, det autentiske Gulatinget og Tusenårsstaden».*

Måla for innsatsområdet skal nås gjennom skilting på og nær Gulatinget sine kulturminner, formidling på tavler og skilt, samt digitale ressursar på Ipad/mobil (kulturvandring) knytt til

landskapspunkt av historisk betydning, tilgjengeleg informasjon gjennom gulatinget.no (nettside), formidling av egne og andre sine foredrag og artiklar med relevante tema (til dømes rettshistorie og rettstryggleik, demokrati og folkestyre, forsvar og forsvarsevne, lovverk og lovendingar). Vidare gjennom guiding, arrangement, oppslag i presse, tv og radio, publisering via norsk/engelsk Facebookside for Gulatinget, og Gulatinget sin Instragramkonto. Det skal utviklast pedagogiske opplegg for skuleelevar til bruk i skulesituasjon, på staden og digitalt.

### **Følgjande tiltak er gjennomført i 2017:**

Heile året: guiding for grupper norsk/engelsk. Etablering av Instragramkonto for Gulatinget  
Marknadsføring via nettside, presseoppslag, Facebook og Instragram. Promotering av arrangement via SOME

### **Foredrag/artiklar m.m.**

**8. januar** Foredrag for The Dale-Oen Experience sin forskingscamp for barn (Base på Gulatinget)

**11-12. januar** Foredrag for Nasjonalt Tingnettverk - Gulatinget sitt arbeid så langt

**3. mars** Deltaking Kvernsteinsmarknaden

**8. mars** Foredrag - «Kvinner si stilling i samfunnet Gulatingslova»

sett ut fra

**23. mars** Foredrag for studentar ved United

World College

**27. mai** Filminnspeling, Kulturvandring

**1. juli** Artikkel i Hugin og Munin (Tidsskrift for Viking)

Destination

**11-13. august** Deltaking Gaularspelet, stand Gulatinget

**30.september** Foredrag for Frender Vikinglag

### **Arrangement (egne/vertskap)**

**12. januar** Nasjonalt Tingnettverk (Gulatinget har koordineringsansvar for konferansen i Sarpsborg)

**30. juni – 2. juli** Vikinghelg på Gulatinget (i samarbeid m/Frender vikinglag)

**15. august** Gulatingseminar «Forvaltning og formidling av freda kulturminnar»

**15. august** Festkonsert m/Karl

Seglem, Christine Marøy



og Jon Kristian Bye.

**27. oktober** Felles Fylkesting på Gulatinget, koordinatør og vertskap

**25. november** Julemarknad på Gulatinget, Frendar vikinglag.

*Vikinghelg på Gulatinget*

### Felles fylkesting på Gulatinget!

Sogn og Fjordane og Hordaland fylker hadde 27. oktober 2017 sitt første felles fylkestingsete «i Gula» der Gulatinget var samla gjennom 400 år frå 900-1300. Denne store historiske hendinga vart gjennomført på Dalsøyra skule, og høgtidleg markert på Tusenårsstaden Gulatinget.

Gulatinget var opphavleg Allting Hordaland, så å legge det første historisk sus over hendinga.

Den høgtidlege markeringa av Tusenårsstaden Gulatinget.

Her signerte dei to «Gulatingprotokollen» - slik tradisjonen er når det er store hendingar på Gulatinget.



for Sogn, Fjordane og tingsetet til Gulen gav eit

den hendinga fann stad på

fylkesordførarane

Dagleg leiar for Gulatinget var gjeve ansvar for å koordinere arbeidet fram mot den store dagen. Det vart gjennomført synfaringar og fellesmøter i Gulen med dei respektive fylkestinga sine IT folk og sekretariat, og Gulen kommune stilte delar av sin stab til rådvelde.

Det vart etablert ein eigen «kulturnemnd» med representantar frå både SFJ og Hordaland, under kunstnarleg leiing av Jorunn Bakke Nydal. Nemnda fekk ansvar for utvikling av program og gjennomføring av den kunstnarlege markeringa på Tusenårsstaden. Ansvar for teknisk, rigg, lyd og lys vart rutinert ivaretatt av Utkantsjef Viggo Randal.

Styringsgruppa for Gulatinget vil takke alle, både i vårt eige fylke og nabofylket, som i god ånd samarbeida om eit stort felles løft! Det lover godt for det framtidig samarbeidet mellom dei to fylka våre.

*«Alt klart!» kvelden 26.10.17*



## C. Verdiskaping og lokal næringsutvikling

«Mål: Gulatinget er eit attraktivt reisemål og ein arena for aktivitet og utfolding»

Måla for innsatsområdet skal nåast gjennom iverksetjing av tiltak i to handlingsplanar for innsatsområdet:

**1. Forretningsplan for Tusenårsstaden Gulatinget** - knytt til dei marknadsretta aktivitetane på Gulatinget m/handlingsplan. Arbeidet her vert utført innafor dei ressursane ein har til rådvelde.

**2. Utbetringsplan for Tusenårsstaden Gulatinget** – m/investeringsplan

Tiltak her er knytt til investeringar i infrastruktur og betre tilrettelegging på Tusenårsstaden. Mindre tiltak har i 2017 blitt gjort innafor driftsbudsjettet, med tilskot frå Gulen kommune sitt næringsfond. Dei større planlagde tiltaka krev ekstern finansiering og investeringsmidlar.

Samla har tiltaka i utbetringsplanen ei kostnadskalkyle på 4 millionar. Tiltaka avheng difor av ekstern finansiering, og ekstraløyvingar i kvart enkelt tiltak. Det vert i 2018 søkt ekstern finansiering til infrastrukturtiltaka, som kan realiserast etter kvart som finansiering er på plass. Dette gjeld kai, belysning av gangveggar, belysning av kunstverka til Bård Breivik, auka parkeringskapasitet ved festivalar, straumuttak for bubilar og festivaldeltakarar m.m. Tiltaka er nærmare beskrive i «Utbetringsplan for Tusenårsstaden Gulatinget 2016-2020»

### Følgande tiltak er gjennomført i 2017:

**Ferdig: Utvikling kulturvandringssløype i Eivindvik**

**Ferdig: Utvikling kulturvandringssløype på Tusenårsstaden Gulatinget**

**6. mars** Møte med lag/org + frivillighetsentralen i samarbeid

**8. mars** Møte med Gulating hotel om sesong 2017 og samarbeidsprosjekt

**9. mars** Synfaring etablering av kai på tusenårsstaden

**9. mars** Utvikle marknadsstrategi for Gulatinget, Hjerteblad Bedriftsutvikling.



Gulen om

**9. mars** Planlegge og gjennomføre workshop med næringslivet i Gulen/HAFS

**1. juli** Utvikla manus til teaterproduksjon i Eivindvik (Gulatinget, Henrik Wergeland og Prost Dahl)

**5. juli** Gjennomført pressevisningstur for Visit FjordKysten, med utanlandske journalistar på veg til Førdefestivalen.

**1. august** Gjennomført pressevisningstur for Visit FjordKysten der dei besøkande er turoperatørar som sel reiser med hovudvekt på Pilegrimsturar

**1. august** Utvikla eige guideopplegg på engelsk for Gulatinget sin eldre tingstad i Eivindvik

**1. oktober** Utvikla produktark til bruk i marknadsføringa for begge stadane

**1-2. nov** Deltaking Reiselivskonferansen til Innovasjon Norge i Sogndal

**1. desember** utvikla dagspakkar for turistgrupper saman med samarbeidspartar til Gulatinget

**20. desember** Prosjektavslutning, Næringsfond

#### Infrastrukturtiltak og tilrettelegging for turistar

- Montering utandørs belysning, Sørvisbygg
- Installert dusj (dame/herre) i sørvisbygget
- Utvikla skilting på staden
- Etablert skilting til Tusenårsstaden Gulatinget frå Eivindvik
- Reparert tak og lagt takbelegg på Grindbygget
- Montert to skyvedørsveggar på grindbygget. Bygget kan no opnast/lukkast etter behov. Innreia grindbygget som viking gildesal med langbord og interiør, slik at det kan nyttast til arrangement for grupper. Gulen kommune har løyvd kr 100 000,- til tiltaket frå Næringsfondet.
- Alle vegar i parken er skrappt og det er lagt ut ny grus. Kratt og trær er fjerna. Bocciaanlegg og sandvolleyballbane er reinska for mose og fornya.
- Montert besøksteljar i parken. **I perioden 15.5-30.10 synte den 11 400 passeringar INN i parken.**
- Det er kjøpt inn og sett ut benkar for turågarar.
- 20. sept Synfaring i leia i Gulen. Planlegging plassering av Lovmenn, Bård Breivik (5 skulpturar som skal settast opp)

#### D. Nettverksarbeid

«Mål: Gulatinget er ein aktiv part i levande tingstadnettverk i Noreg og internasjonalt».

Måla for innsatsområdet skal nås gjennom deltaking i lokalt lokale, regionale, nasjonale og internasjonale nettverk som Destination Viking, Nasjonalt Tingstadnettverk, lokale og regionale reiselivsnettverk. Gulatinget er også første bedriftsmedlem i «Snorres vener», har utstrakt samarbeid med Frender vikinglag og andre relevante vikingdestinasjonar (ek.s Gudvangen) og har tatt initiativ til etablering av eit reiselivsnettverk i Gulen.

### Fylgjande tiltak er gjennomført i 2017:

**11.-12. januar** Deltaking på konferanse - Nasjonalt Tingnettverk, Sarpsborg

**27 -31. januar** Deltaking på konferanse - Destination Viking, Shetland under «Up Helly Aa»  
*Foto: Shetland vikingfestival, Up Helly Aa*

**18. mars** Deltaking nettverks i HAFS, Løvli



møte for reiselivsbedrifter

**17. juli** Vertskap for vikingskipet andre vikinglag)

«Tyra» (samarbeid med

**16. okt** Møte med dagleg leiar for Kystsogevekene

**19. oktober** Møte vedr Nasjonaljubileet 2030, Stiklestad

**10-11. november** Deltok på Frostatingseminaret, Frosta

**November/Desember:** Telefonmøter, felles søknad til Riksantikvaren sitt Verdiskapingsprogram for 2018

**Gjennom året:** Deltatt på møter med Frender Vikinglag, samt vore medlem i Snorres Vener.

### Avslutning

2017 var eit viktig år for arbeidet med Gulatinget, og mange større milepelar vart oppnådd. Det er større merksemd nasjonalt kring dei eldre regionaltinga sin rolle i den seinare utforminga av det moderne folkestyret, rettsapparat og forsvarshistorie

Fram over vil det bli viktig å sikre dei langsiktige Gulatinget, samt utvikle formidling og staden.

Nasjonalt har Trøndelag no stort momentum i utviklingsarbeid knytt til Frostatinget, og har eit forankra samarbeid med sterke ambassadørar.



rammevilkåra for opplevingar på

sitt tett og godt

I samband med regionreforma er den framtidige forvaltninga og utviklinga av Frostatinget fremja politisk som eit fellesprosjekt for det nye Trøndelagsfylket. Dette gjer satsinga knytt til Gulatinget framover endå viktigare i 2018 og åra som kjem. Styringsgruppa vil foreslå Gulatinget som eit fellesprosjekt for den nye Vestlandregionen.

Gulatinget er det største regionaltinget frå mellomalderen, og Gulatingslova er den eldste kjende og bevarte lovsamlinga i dei nordiske landa. Sogn og Fjordane og Hordaland forvaltar ein viktig og verdig historisk arv som vertskapsområde for Gulatinget gjennom 400 år. Arven frå Gulatinget må vi løfte fram og utvikle for kommande generasjonar, og formidle til alle som kjem til vår kant av landet. Det er både eit ansvar, ei ære – og ein moglegheit!

Styringsgruppa for  
Tusenårsstaden Gulatinget



*«Sjelefred»*

*Syriske flyktningar på Tusenårsstaden Gulatinget*